

Tabell B-fk

Inntektsgarantiordninga. Fylkeskommunane

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen fylkeskommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er under 100 kroner per innbyggjar av berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølv ordninga. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar frå alle fylkeskommunane.

Inntektsgarantiordninga blir berekna på grunnlag av den totale endringa i rammetilskotet. Fylkeskommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre tilhøve.

Endringar i skatteutjamninga som følgje av endra skatteinntekter blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønnstilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-fk) blir heller ikkje kompensert gjennom INGAR, sidan det er tilskot som blir gitt til særskilde føremål eller er avgrensa i tid.

Inntektsgarantiordninga for 2014 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til fylkeskommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2013. Rammetilskotet for 2013 blir korrigert for skjønnstilskot i 2013, saker med særskild fordeling i 2013 (saker i tabell C-fk, Grønt hefte for 2013), korrekjonar og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2014. Rammetilskotet til fylkeskommunane i 2014 blir tilsvarende korrigert for skjønnstilskot i 2014 og saker med særskild fordeling i 2014 (saker i tabell C-fk for 2014). Deretter blir korrigert vekst frå 2013 til 2014 berekna, på landsbasis og for kvar fylkeskommune. Den korrigerte veksten på landsbasis frå 2013 til 2014 er på 34 kroner per innbyggjar. Dersom ein fylkeskommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -66 kroner per innbyggjar, får fylkeskommunen inntektsgarantitilskot tilsvarende differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på -66 kroner per innbyggjar. I tillegg må alle fylkeskommunane finansiere INGAR, gjennom eit likt trekk i innbyggjartilskotet (9 kroner per innbyggjar). INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2013.

Kolonne 1 – Rammetilskot 2013

Kolonne 1 viser rammetilskot til fylkeskommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2013.

Kolonne 2 – Skjønnstilskot 2013

Kolonne 2 viser skjønnstilskot for 2013. Skjønnstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og blir trekt ut av rammetilskotet for 2013 ved berekninga av INGAR.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2013

Kolonne 3 viser fordelinga av 10 saker med særskild fordeling i 2013. Fordelinga som går fram av kolonnen er nærmere dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2013.

Kolonne 4 – Summen av to endringar i 2014

Kolonne 4 viser summen av to endringar i rammetilskotet i 2014, som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantitilskotet for 2014. Som følgje av at elevtalet i statlege og private skular aukar, blir fylkeskommunane sitt rammetilskot redusert med 40,496 mill. kroner. I tillegg er det korrigert for 95,1 mill. kroner for ny forskrift om rett til påbygging etter fagbrev.

Innlemmingar/korreksjonar i 2014 (beløp i 2013-kroner)	Beløp (1000 kr)
Auka tal på elevar i statlege og private skular	- 40 496
Rett til påbygging etter fagbrev	95 100
Sum 2 endringar	- 54 604

Kolonne 5 – Korrigert rammetilskot 2013

Kolonne 5 viser korrigert rammetilskot for 2013. Kolonnen er summen av kolonnane 1 og 4, minus kolonnane 2 og 3. Kolonnen er grunnlag for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2013 til 2014.

Kolonne 6 – Rammetilskot 2014 (før INGAR)

Kolonne 6 viser rammetilskot til fylkeskommunane i 2014, før inntektsgarantitilskotet er berekna. Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn.

Kolonne 7 – Skjønnstilskot 2014

Kolonne 7 viser skjønnstilskot for 2014 (jf. tabell 1-fk, kolonne 3). Skjønnstilskotet inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og blir trekt ut frå rammetilskotet for 2014 i berekninga av INGAR. Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn.

Kolonne 8 – Saker med særskild fordeling 2014

Kolonne 8 viser den samla fordelinga av 12 saker med særskild fordeling i 2014. Saker som ligg i tabell C-fk inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og rammetilskotet for 2014 blir korrigert for dette. Fordelinga som går fram av kolonnen er nærmare dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 9 – Korrigert rammetilskot 2014

Kolonne 9 viser rammetilskotet til fylkeskommunane i 2014 før inntektsgarantiordninga, korrigert for skjønnstilskot og saker med særskild fordeling i 2014. Kolonne 9 er lik kolonne 6 minus kolonnane 7 og 8.

Kolonne 10 – Absolutt korrigert vekst 2013-2014 (i 1000 kr)

Kolonne 10 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2013 til 2014. Veksten er vist i 1000 kroner.

Kolonne 11 – Absolutt korrigert vekst 2013-2014 (kroner per innb.)

Kolonne 11 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2013 til 2014. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. juli 2013. Landsgjennomsnittleg vekst er 34 kroner per innbyggjar. Dette gir ei vekstgrense for å få inntektsgarantiordninga i 2014 på -66 kroner per innbyggjar ($34 - 100 = -66$).

Kolonne 12 – Inntektsgarantiordninga før finansiering (kroner per innb.)

Kolonne 12 viser inntektsgarantiordninga for 2014 i kroner per innbyggjar, før finansiering av sjølve ordninga. Fylkeskommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn -66 kroner per innbyggjar vil bli kompenserte opp til denne vekstgrensa.

Kolonne 13 – Inntektsgarantiordninga 2014 (kroner per innb.)

Kolonne 13 viser nettoeffekten av inntektsgarantitilskotet i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle fylkeskommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2014 er finansieringa 9 kroner per innbyggjar.

Kolonne 14 – Inntektsgarantiordninga 2014 (1000 kr)

Kolonne 14 viser inntektsgarantiordninga i 2014 i 1000 kroner. Kolonnen kjem fram ved å multiplisere kolonne 13 med innbyggjartalet per 1. juli 2013 (sjå tabell E-fk, kolonne 2). Talet blir vidare brukt i tabell 2-fk, kolonne 5.